



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synnøve Handeland	404 04 973	2023/1595-9	«REF»	06.07.2023

Ber om uttale - Dispensasjonssøknad - 178/8

Vi viser til søknad om dispensasjon motteke 29.06.2023.

Om søknaden: Det vert søkt om oppføring av oksygentankanlegg, nettstasjon og snuplass for tankbil på staden. Areal til bruk for anlegget er eit mindre område, og det er ikkje søkt om frådelling av areal. Avtale med grunneigar om plassering er avtalt. Plasseringa av oksygentankane vil bandlegga eit område ut over det som er etablert i området i dag grunna naudsynt sikkerheitssone.

Bygningsanlegga er slik: 12 x 9 m til betongfundament for tankanlegget, fordamparar og oppstillingsplass for tankbil, nettstasjon har bygg på 4 x 3 m, plassert rett i bakkant av oksyngentankane.

Arealføremål: Tiltaket som vert søkt om oppført ligg i arealføremålet LNF i kommuneplanen for Kvinnherad vedtatt 22.03.2018.

Grunngjeving frå søkjar:


Søkjar gjer i sin søknad greie for tiltaket slik:

«Bakgrunnen for søknaden er at Eide Fjordbruk driv eit stort prosjekt for utvikling av lukka merdteknologi. Prosjektet skjer i samarbeid med Havforskningsinstituttet og ulike ingeniørmiljø. Bygging og samanstilling skjer i Kvinnherad. Teknologien er utprøvd i liten målestokk (1:10) ved Havforskningsinstituttet sitt forsøksanlegg i Matre. Forsøket var godkjent av Mattilsynet (FOTS prosjekt 28348). Teknologien er no klar for utprøving i fullskala målestokk (merd på 30 000 kbm.) Dette forsøket er godkjent av Mattilsynet (FOTS prosjekt 29738).

Forsøket gjeld for 1 stk. lukka merd. Planen var å gjennomføre forsøket på lokalitet Skotberget i Kvinnherad. Dette er ein ny lokalitet med vilkår om berre bruk av lukka merdteknologi. På grunn av påvist ILA-virus ved ein nabolokalitet til Skotberget, gjev ikkje Mattilsynet løyve til utsett av fisk på lokalitet Skotberget i 2023. Dette viktige utviklingsprosjektet står dermed i fare for å verte utsett

med inntil 1 år. Ein har difor sett på å flytte forsøket til etablert lokalitet Hondskår ved Varaldsøy. Eide Fjordbruk har vore i dialog med alle sektormyndigheiter. Sektormyndigheiter har sagt seg positive til flytting av forsøk og søknad om flytting er under handsaming og godkjent hos VLFK, Mattilsyn og Statsforvaltar.

For at forsøket skal kunne gjennomførast på lokalitet Hondskår, er det behov for å setje opp to tankar for lagring av oksygen. Maksimal høgd på oksygentankane er 10 meter, og tilhøyrande fordamparar er 6 meter høge. Desse tiltaka skal stå på ei støypt plate på 12x9 meter. I tillegg er det behov for å plassere ein nettstasjon på 4x3 meter storleik, samt tilgrensande oppstillingsplass for tankbil. Det er også behov for å etablere ein sнопlass for tankbil langs kommunal veg. Snuplassen må ha ei breidde på 7 meter og djupne på 12 meter. Plassering av snuplassen er planlagt plassert ca. 30 meter sør for nedkøringa til kaiområdet ved Hondskår. Dette er i dag eit flatt areal som gir avgrensa behov for inngrep i terrenget. Det er god sikt på staden. Kvinnherad kommune v/Terje Natland og grunneigar Arve Kjærland var 30.05.2023 på synfaring angående plassering og løysingar for slik snopluss.»



Gnr 178 bnr 8 Markør viser kvar anlegget er søkt plassert.

Utvida bruk av avkjørsel: Det er etablert veg og snopluss ned til kaien og det vil vera noko auka trafikk til området i tilknytning til fylling av tankane. Eigen søknad knytt til veg og oppgradering av denne er under handsaming i kommunen.

Utslepp: Det er ikkje direkte utslepp frå tiltaket, men det vil vera risiko knytt til utslepp frå anlegget ved ulukkeshending. Ansvarleg søker har i søknad levert risikoanalyse der det vert vurdert som lav risiko for skadehendingsar. Rapporten er vedlagt.

Skredfare/flomfare: Området er ikkje merka med risiko knytt til skred eller flaum.

Kulturminne: Det er ikkje registrert kulturminne i nærleiken av tiltaket.

Naturmangfald: Der tiltak råkar naturmangfaldet er det etter naturmangfaldslova § 7 stilt krav om at prinsippa i §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Kommunen har undersøkt naudsynte databasar og har ikkje gjort funn av trua eller verdifulle artar, naturtypar eller biotopar i området. I tråd med § 8 skal saka vurderast etter eksisterande og tilgjengeleg kunnskap. Kommunen legg på bakgrunn av undersøkinga til grunn at det på staden ikkje er naturmangfald som krev nærare vurdering etter §§ 9-12.

Vurdering etter jordlova: Landbruksavdelinga i kommunen får saka til uttale.

Førebels vurdering etter plan og bygningsloven:

Kvinnherad kommune er etter førebels vurdering positiv til å gje dispensasjon frå arealføremålet på staden. Kommunen kan ikkje sjå at føremåla vert sett vesentleg til side og ser fleire fordelar enn ulemper med tiltaket.

Det er eit nasjonalt mål at produksjon av matfisk skal skje på berekraftig måte, mellom anna gjennom utvikling av ny teknologi, jf Havbruksstrategien frå 2021.

Anlegget ved Hondskår er i dag eit ope anlegg for produksjon av matfisk. For at verksemda skal kunne gjere forsøk på produksjon i lukka anlegg er det naudsynt å ha tilførsel av oksygen, og dette må plasserast nær sjø og nær lokaliteten for at det skal kunne realiserast. Tiltaket på land er lite inngrep arealmessig i eit område som i dag har veg og kaianlegg til bruk for produksjonen ved det opne produksjonsanlegget. Det vil såleis ikkje vere plassert i område som er inngrepsfritt frå før.

Vurdering knytt til LNF: Plasseringa i strandsona er naudsynt grunna nærleik til tiltaket, og kommuneplanen opnar for at det kan etablerast «*naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag for mellom anna akvakultur i 100-metersbeltet mot sjø*» jf § 6.1.4, 2.ledd i føresegnar for Kommuneplan 2018. Kommunen vurderer at det ikkje er andre alternative plasseringar som er aktuelle, og at anlegget med plassering på område der det allereie er etablert tiltak ikkje vert vesentleg i strid med interessene som skal vernast etter lov og føresegn. Anlegget er direkte knytt til eksisterande produksjonsanlegg, og etter sin art må slike anlegg ligga nær sjøen.

Området er i dag nytta i samband med næringsverksemd, og det er ikkje naudsynt med vesentlege terrenginngrep. Tiltaket er plassert på stad der det ikkje vil stenge for tilgjenge til sjø/kaiområde med unntak av sikkerheitssona rundt tankane.

Det vil vera i tråd med overordna nasjonale retningslinjer for utvikling av akvakultur at kommunar legg til rette for slike anlegg, og sjølv om det i utgangspunktet er slik at ei utbygging for slike føremål bør skje etter plan, så vurderer kommunen at det kan gjevast dispensasjon til å etablere tiltaket som omsøkt i dette tilfellet, då det er knytt til allereie etablert lokasjon.

Ferdsl i sjø: Tilkobling til sjø vil vere via fortøyningar av anlegget, og det vil såleis ikkje endra ferdsl i sjø ut frå dagens situasjon. Fritidsbåtar vil kunne nytte området slik som i dag.

Visuelt inntrykk i området: Tankane vil verte godt synlege frå sjø og landskapet omkring grunna høgde, og som avbøtande tiltak vil det verte sett vilkår for tillatinga at tiltaket skal gjerast på slik måte at det vert dempa visuelt, mellom anna med at det skal vera eit vegetasjonsbelte mot sjø, slik det er i dag.

Ulemper med tiltaket:

Oksygentankane er 10 m høge og vil vera godt synlege i fjordlandskapet. Det vil utover arealet der tankane vert plasserte vere naudsynt med sikkerheitssone knytt til anlegget, og arealet er ikkje regulert til formålet.

Vi ber om tilbakemelding dersom de treng meir enn 4 veker for å gje uttale

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon, kart og teikningar.

Teknisk dokumentasjon for tankanlegget

Med helsing

KVINNHERAD KOMMUNE

Synnøve Handeland

Juridisk rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.